

# Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Innlandet Fylkeskommune  
Pb. 4404 Bedriftsenteret  
2325 Hamar

## Delegert Sak

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

ROGTOR - 26/6323

**Arkiv:**

64/1, L42

**Vår dato:**

01.07.2026

| Saksnr. | Utval                                      |
|---------|--------------------------------------------|
| 168/26  | Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak |
| 153/26  | Kommunestyret                              |

### 64/1 - Dispensasjonsvedtak - Ny løsning for Flybekken langs Fv. 51

Tiltak: Ny løsning for Flybekken langs Fv. 51  
Byggjestad: Gbnr: 64/1  
Tiltakshavar: Innlandet Fylkeskommune  
Ansvarleg: Innlandet Fylkeskommune  
søklar:

#### Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2, samt kommunalt delegasjonsreglement, gjev kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak dispensasjon frå kommuneplanens arealdel 2026 – 2028. Det vert gitt dispensasjon frå bygge- og deleforbod i arealplanen, byggegrense mot vassdrag, og frå arealformålet LNFR. Dispensasjonen gjeld etablering av ny kulvertløysing for kryssing av Flybekken under fylkesveg 51.

Tiltaket er vurdert til å ikkje setje omsynet bak føresegna eller omsyna til lovens føresegnsmål vesentleg til side, og fordelane er vurdert til å vere klart større enn ulempene.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Byggeløyve for tiltaket blir gjort i eiga handsaming.
2. Inngrep i vassdraget skal utførast i perioden 15. august – 15. oktober.
3. Vilkår gjort i sak av Innlandet Fylkeskommune avd samfunnsutvikling ligg til grunn for denne dispensasjonsbehandlinga, og eige behandlinga av byggeløyve.

**Bakgrunn for saka:**

Innlandet Fylkeskommune avd. Samferdsel sendte inn søknad om dispensasjon frå Arealdelen til Kommuneplan 2016-2028 sine punkt:

- Tiltak i sone med bygge- og deleforbod
- Byggegrense mot vassdrag
- Frå arealformåle (tiltak i LNF-område)

Etter at søknaden er sendt inn, er kommuneplanens arealdel 2026 – 2028 vedteken. Då det er arealplan gjeldande på vedtakstidspunktet saka skal verte handsama etter, vert saka difor handsama etter den nye planen.

**Saksopplysningar**

Innlandet fylkeskommune v/Samferdselsavdelinga sendte inn søknad om tiltak. Søknaden beskriv utbetring av kulvert ved Flybekken som kryssar FV.51 langs Valdresflya (Figur 1).

Søknaden syner at tiltaket omfattar breiddeutviding av veg, riving av eksisterande bru, etablering av nytt fundament og vegtrau, etablering av ny stikkrenne, og forsterkning og bygging av eksisterande ledevoll oppstraums for bru (Figur 2).

Flybekken bru ligg under gnr. 64, bnr. 1 som er fylkesveg 51, med tilhøyrande kantsone, og Innlandet Fylkeskommune er oppført i kartet som ikkje-tinglyst eigar.

Tiltaket vil føre til tiltak i vassdrag, samt gje inngrep i terrenget utover grensene til vegen. Dette vil dermed påverke tilgrensande eigedom gnr. 53, bnr. 1, som er eigd av Statskog.

Søker har i søknaden datert: 31.03.2026 lagt ved vurderingsskjema som opplyser om fordelar og ulemper ved tiltaket, og deira sluttvurdering er at begge vilkåra i plan- og bygningsloven §19-2 er oppfylte:

- Omsyna bak føresegna det dispenserast frå blir ikkje vesentleg tilsidesette.
- Fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.


I samband med saka er det gjort vedtak av Innlandet Fylkeskommune v/Samferdselsavdelinga for fysisk inngrep i vassdrag § 1. Dette vedtaket er datert: 06.05.2026.

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar.


Statskog er eigar av nabogrensa og sakshandsamar har vore i dialog med deira representant. Det vert ifrå statskog bekrefta at eit utvida areal kring Flybekken skal arealjusterast og overførast til Innlandet Fylke, for å kunne få dette tiltaket i sin heilheit inn under gnr. 64, bnr. 1 – FV.51.

I søknaden er det og vedlagt skriv om dialogen søker har hatt med Stasforvaltaren Innlandet kring at tiltaket ligg innanfor foreslått verneområde (VP00001524), som inngår i forslag om utvidelse av eksisterande nasjonalpark.

Elles ligg gnr.64/ bnr. 1 registrert i kartet med arealformål LNFR-areal for nødvendige tiltak for stadbunden næring. Eigedom gnr. 53, bnr. 1, som og blir berørt av tiltaket, har same arealformål.



Figur 1. Flybekken bru, Fv. 51 Valdresflye



Figur 2. Situasjonskart

## Vurdering

Det er søkt om dispensasjon frå bygge- og deleforbod, og tiltak innanfor byggegrense mot vassdrag, i kommuneplanens arealdel.

Arealdelens punkt 1.2 seier:

«1.2 Restriksjonar ved vassdrag og vegetasjonsbelte i strandsona

Vassdrag er definert i samsvar med § 2 i vassressurslova: Alt stilleståande eller rennande overflatevatn med årsikker vassføring, med tilhøyrande botn og breidde inntil høgaste vanlege flaumavstand vert rekna som vassdrag.

*Inngrep i vegetasjonsbeltet nærare enn **10 meter er forbode**. Det kan gjennom skjøtsel etablerast opningar i vegetasjonen for å sikre tilgang til vassdraget. Det er ikkje tillat med inngrep eller tiltak som redusera vatnet sin kvalitet, verdi, naturmangfald og friluftsliv.*

*Vassdrag og myrer skal oppretthaldast i sin naturlege form og sikrast med kantvegetasjon. Bekkar skal haldast opne, lukking av bekkar kan berre skje ved søknad der det heilt naudsynt.*

*Der det ikkje følgjer anna av reguleringsplan gjeld følgjande:*

- a) *Langs drikkevasskjelder og elver/bekkar med direkte utløp til drikkevasskjeldene Olevatn, Sørre Vindin og Mellsenn, er byggegrensa vist som sikringssone 110 – nedslagsfelt drikkevatn i plankartet.*
- b) *Langs hovudvassdraga inkl. innsjøar, jf. NVEs hovudelledatabase, gjeld ei byggegrense på 100 meter. Avstand til byggegrense blir målt frå vasskant ved gjennomsnittleg flaumvasstand.*
- c) *Byggegrense for andre vatn, tjern og bekkar definert som vatn større enn 5000 m<sup>2</sup>, 50 meter. Avstand til byggegrense blir målt frå vasskant ved gjennomsnittleg flaumvasstand.*
- d) *Byggegrense for mindre elver og bekkar er 30 meter. Avstand til byggegrense blir målt frå vasskant ved gjennomsnittleg flaumvasstand.*
- e) *Byggegrensa gjeld for tiltak nemnt i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a, d, j, k, l og m.*

*Unntak frå byggegrense.*

- a) *Driftsbygningar i landbruket som er naudsynt for drift, kommunaltekniske bygg og VA-anlegg under bakken.*
- b) *Tiltak på bebygd eigedom innanfor byggeområde eller LNFR-areal for spreidd bustad, fritids-, eller næringsbygg m.m markert med byggeområde. Tiltaket skal ikkje plasserast nærmare vassdraget enn eksisterande bygningar og ikkje nærmare enn 10 meter.*
- c) *Område som er regulert ved reguleringsplan og som ikkje er i motstrid til arealdelen av kommuneplanen.»*

Vi vurderer her at tiltaket beskriven i søknaden oppfyller vilkåra for å gi dispensasjon då det her gjelder utbetring av eksisterande kulvert knytt til fylkesveg.51, og at dette har ei klar samfunnsnyttig fordel. Det er oså lagt inn vilkår som omhandlar føringar for vask av maskiner under arbeidet, fylling av drivstoff, handtering av massar, og attgroing av utfylte areal. Vi vurderer det som at dette tiltaket, med opplysningar gitt i saken at vilkåra for å gi dispensasjon frå dette kapittelet er oppfylt.

Det er søkt om tiltak innanfor LNFR-område. Tiltaket fell innanfor føreslått utvida område for Jotunheimen Nasjonalpark. Her er den samla vurderinga frå Statsforvaltaren, med anbefalingar tilknytt gjennomføringa av tiltaket, at tiltaket får aksept for det foreslåtte alternativet. Søker opplyser at Statsforvaltarens tilbakemelding og anbefalingar vert lagt til grunn for vidare planlegging og gjennomføring av tiltaket. Vi vurderer med denne dialogen, og vilkår og anbefalingar, som er komen frå Statsforvaltaren, at dette er ivareteken.

Det er i søknaden beskriven fleire tema av eksisterande situasjon og verking av dispensasjon for kvart tema. Denne oppsettinga synleggjer godt omsynet i naturmangfaldlova §8-12, og vi vurderer dette som ivaretake.

### Grunngjeving

Etter pbl § 19-2 (2) skal ein ikkje gje dispensasjon «*dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.*» Vilkåra er kumulative. Dette inneber at kommunen berre har høve til å gje dispensasjon om begge vilkåra i regelen er oppfylt.

Vurdering av vilkåret i § 19-2 (2) fyrste setning:

*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.*

Omsynet bak desse sonene er å ivareta natur- og friluftsiinteresser, samt livet i vassdraget. I søknaden er det gjort greie for vurderingar knytt til desse omsyna, og det er føreslått avbøtande tiltak dor å handtere moglege utfordringar. Dette omfattar mellom anna krav om reingjering av maskiner ved flytting, at drivstoffylling skal skje i trygg avstand frå vassdraget, og at arbeidet i sjølve vassdraget vert avgrensa i eit kort tidsrom. Tiltaket vert elles vurdert som positivt, på det etter gjennomføring vil bidra til sikrare vassføring og betre trafikktryggleik ved kryssing av bekken.

Samla sett sluttar vi oss til vurderinga av fordelar og ulemper slik ho er gjort i søknad med vedlegg. Vi legg til grunn at omsyna bak dei føresegnene det vert søkt dispensasjon frå, omsynet til lovas formålsbestemming og nasjonale og regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. På denne bakgrunnen kan dispensasjon verte gjeve.

Vurdering av vilkåret i § 19-2 (2) andre setning:

*Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.*

Tiltaket har som mål å betre trafikkikkerheita ved Flybekken, då dagens passering er smal, rekkverket er skadd og kulverten er i dårleg forfatning. Det går fram av søknaden at den nye røyr- og kryssløysinga vil ha ein positiv effekt på trafikkikkerheita, samstundes som samfunnstryggleiken aukar gjennom ei oppgradert og meir flaumsikker løysing. Tiltaket vil også bidra til enklare og meir føreseieleg vintervedlikehald.

Vidare er det vurdert som positivt at ein i same tiltak oppgraderer fyllingar lags vegbana ut mot terrenget. Dei avbøtande tiltaka som er føreslått i søknaden bidreg til å gjere eventuelle ulemper mindre. Samla sett meiner vi at fordelane ved å gi dispensasjon veg klart tyngre enn ulempene.

### **Samla vurdering**

Med bakgrunn i grunngjevinga over har Øystre Slidre kommune kome fram til at vilkåra for å gi dispensasjon etter PBL- 19-2 (2) er oppfylte.

Vurderingar etter naturmangfaldlova §8-12 er synleggjort og ivareteken, og dei samfunnsnyttige og sikkerheitsrelaterte forholda til biltrafikk etter utføring av tiltaket er, sett i sammen med vilkår sett i vedtaket frå Statsforvaltaren i Innlandet, klart større en eventuelle ulemper.

### **Gebyr**

Du må betale eit gebyr på kr. 8911,- for handsaming av administrativ dispensasjon etter PBL § 19-2 i Øystre Slidre kommune sitt gebyrregulativ.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne

Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

|                  |               |      |             |
|------------------|---------------|------|-------------|
| Statsforvaltaren | PB. 987       | 2604 | Lillehammer |
| Innlandet        |               |      |             |
| Statskog SF      | PB 63 Sentrum | 7801 | Namsos      |